



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Statens Vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 Lillehammer

03.03.2025

Dykkar ref:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
5-25

## **5-25 Oppmoding om varsemnd med omsyn til villrein i byggeperioden - oppføring av 8 snøskredtårn i Grasdalen, Stryn kommune**

Statens Vegvesen fekk i mai 2024 dispensasjon til plassering av åtte snøskredtårn i Grasdalen, Stryn kommune. Seks av dei skulle byggast i område Sætreskarsfjellet (mellom 900 og 1300 moh.), og to skulle byggast i område Kvitenoa (1100 - 1200 moh.). Dette ligg innanfor Reinheimen-Breheimen villreinområde.

Det er villreinstamma i Breheimen sørvest som nyttar dette området. Heile området er barmarksbeite, medan områda nord og aust for Grasdalen også er vinterbeiteområde. Vi er ikkje ueinige i vurderingane som kommunen har gjort i at fordelane ved å gi løyve er større enn ulempene. Men vi kunne gjerne tenkt oss at det var med eit ekstra vilkår:

- Det skal bli gjennomført avbøtande tiltak som til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet.

Vi oppmodar Statens Vegvesen om varsemnd med omsyn til villrein i byggeperioden når det gjeld denne saka.

Villreinnemnda fekk ikkje denne saka til høyring, derfor er vi seint ut med våre innspel. Vi har oppmoda Stryn kommune til å sende liknande saker på høyring til oss, jf [regional plan for Ottadalsområdet](#): *Kommunane skal sende alle nye arealplanar, utbyggingssaker og inngrepssaker som kan påverke villreinen sine leveområde og livsvilkår til den regionale villreinnemnda for høyring.*

Helsing

Johan Berge  
Leiar

Tor Taraldsrud  
Sekretær